



Hjelmås Vvs As  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar: Ref.:1047-00034-  
Skjemanr.:1047  
Vår: 23/8052 - 23/82161

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
25.10.2023

## Foreløpig svar på røyleggarmelding - Gbnr 244/22 Eidsnes indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det vert ikkje gjeve løyve til utvendig vasspost i Alver kommune (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 2.4). Her må ein søkje om å få lagt inn vatn i fritidsbustaden. For å få lagt inn vatn skal fritidsbustaden ha godkjent utslepp. Det må derfor dokumenterast at fritidsbustad har godkjent utslepp.

Dersom det er aktuelt å legge inn vatn i fritidsbustaden, må det sendast inn bunnleidningsplan som viser leidningsnett i bygg. Areal på rom skal være oppgitt, da det vil få betydning for kommunale gebyr.

2. I Alver kommune er det ikkje tillate med anboring i sjø. Tilknytning skal være i kum på land.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Med helsing  
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG